



## Samarbeidsavtale mellom Sund kommune og Sund idrettsråd.

### Bakgrunn og formål med avtalen

Kommunen og idretten har eit felles mål om å skapa eit levande lokalsamfunn der folk kjenner seg trygge, finn meining og trivst. Formålet med denne avtalen mellom Sund kommune og Sund idrettsråd er styrking av det naudsynte samspelet mellom Sund kommune og Sund idrettsråd. Dette skal bidra til klargjering av viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar.

### Samarbeidet

Eit hovudprinsipp er at saker som klubbane ynskjer å fremja for kommunen, og som er av felles interesse for idretten, skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet. Det betyr at kommunen ikkje forvaltar/avsluttar si sakshandsaming utan at den har vore på høyring hos idrettsrådet, eller at idrettsrådet har medverka på annan måte, avhenging av type sak.

Dette hovudprinsippet skal likevel ikkje vera til hinder for at idrettsrådet og kommunen kan avtala at ei sak skal handsamast (vidare) direkte mellom idrettslag og kommunen.

All kommunikasjon mellom Sund idrettsråd og Sund kommune skal vera ope og offentleg.

**Høyringsrett:** Sund idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten.

Sund kommune sin administrasjon sørgjer for at Sund idrettsråd sine innspel følgjer dei andre sakspapira til avgjerande instans, eller på annan måte vert refererte i den endelege skriftlege saksdokumentasjonen.

**Administrative møte:** Kommuneadministrasjonen og Sund idrettsråd møtest ved behov, minst ein gong pr.år.

**Informasjonsmøte:** Dersom det skjer store endringar/omleggingar av til dømes tilskotsordningane, skal Sund kommune kalla inn idrettsrådet til møte.

**Kommunale støtteordningar:** Sund idrettsråd gir tilråding til kommunen om fordeling av kommunale kulturmidlar og anleggsmidlar til idrettslaga.

**Anlegg/nybygg:** Sund idrettsråd skal vurdere søknader om anlegg/nybygg frå idrettslaga og gjera prioriteringar av ulike typar anlegg som innspel til handlingsplanen til kommunen.

Sund idrettsråd skal gi tilråding til kommunen om den årlege prioriteringslista for spelemiddelsøknader ved innsending av desse.

### Revisjon/oppseiing av avtalen

Partane skal i fellesskap gå gjennom og evaluera avtalen kvart fjerde år etter inngåinga, men avtalen kan elles reviderast når partane er samde om det. Kvar av partane kan sei opp avtalen skriftleg med seks månaders varsel.

MOT

Skogvåg 8/4-2014  
Stad, dato



Sund kommune

Gertraud Toft Eichsen  
Sund idrettsråd